Fyresdal kommune

Arkiv:	243
Saksmappe:	2026/614-9
Saksbeh.:	Kjersti Bergland
Dato:	06.10.2026

Saksframlegg

Kommunale tilskotsordningar gjeldande frå 01.01.2027

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Vedlegg
1 Kommunale tilskotsordningar - arbeidsgruppa sitt framlegg

Bakgrunn for saka:
I kommunestyret i mai vart det sett ned ei arbeidsgruppa som skulle sjå reglane for kommunale tilskot. Gjeldande reglar vart seist vedtekne i desember 2022 og har ikkje vore indeksregulert etter dette. I tillegg så har kommunestyret bedt om at det vart utreda sak om kommunalt tilskot til nybygg og renovering for private.
Arbeidsgruppa, med to representantar frå Senterpartiet og to representantar frå Arbeiderpartiet, har hatt tre arbeidsmøter og kome fram til ei felles innstilling til kommunestyret om endring av reglane slik det kjem fram i vedlegget.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.

Felles for alle tilskotsordningane er at ein har KPI justera alle tilskota som ligg i ordninga i dag og lagt inn ei linje om at det skal justerast årleg framover.

Det er lagt inn to nye tilskotsordningar, til bustadbygging/renovering og til nydyrking av areal.

Det er spesielt tilskot til bustadbygging/renovering som har blitt grundig vurdera av arbeidsgruppa. Her har ein vore inne på begrensningar i kven som er målgruppa, t.d. alder og/eller inntekt i husstanden og størrelsen på tilskota.
Arbeidsgruppa har lagt til grunn at et er behov for fleire bustader i Fyresdal i åra framover og ynskjer difor ikkje begrensningar i alder eller inntekt for kven som kan få tilskot. Men det er sett fleire vilkår til at det skal vere ein bustad som ein sjølv må bu i og at ein må nytte den som bustad over tid. Oppføring av bustader/leilighetsbygg for utleige eller sal vil ikkje kome inn under denne ordninga. Det skal også avsettast ei øvre ramme for tilskotet kvart år i samband med budsjettvedtaket i kommunestyret.

Det er også ei endring i lønstilskot til sommararbeid for skuleelevar. Her har ein teke inn eit nytt årskull. Ordninga startar nå frå det året ein fyller 15 og ikkje 16 som nå. Dette for å gje større mogleghet for ungdom på 15 år å kunne skaffe seg sommararbeid.

Konklusjon:
Tilskot som har vore frå før vidareførast og KPI justerast kvart år framover.
Lønstilskot for skuleungdom vert endra til også å gjelde 15 åringane.
Nytt tilskot til dyrking
Nytt tilskot til bustadbygging/renovering vert innført med ei årleg øvre ramme som vert fastsett av kommunestyret kvart år.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Reglar for tilskot frå Fyresdal kommune godkjennast slik dei ligg føre frå arbeidsgruppa. Iverksetting av nye reglar er frå 01.01.2027. Budsjettmessige konsekvensar innarbeidast i budsjettet for 2027.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef